

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 16.01.2017  
**SAKSHANDSAMAR:** Kjell-Einar Bjørklund  
**SAKA GJELD:** **Regjeringa si tiltakspakke for auka sysselsetting - tildeling av midlar**

**ARKIVSAK:** 2015/2347  
**STYRESAK:** **012/17**

**STYREMØTE:** **02.02. 2017**

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret vedtek at tildelt tilskot til vedlikehaldstiltak blir fordelt i tråd med saksførelegget.

## Oppsummering

Regjeringa har i statsbudsjettet for 2017 vedteke ei tiltakspakke for auka sysselsetting på Sør- og Vestlandet. Av denne pakka har Helse Vest fått 70 mill. til fordeling i regionen. I 2016 fordelte Helse Vest ei tilsvarende tiltakspakke mot auka arbeidsløyse i regionen. Dei same kriteria for fordelinga i 2016 blir nytta ved fordelinga i 2017.

## Fakta

### Bakgrunn

I statsbudsjettet for 2017 har regjeringa vedteke ei tiltakspakke for auka sysselsetting på Sørlandet, Vestlandet og Nord-Vestlandet. Av denne pakka har Helse Vest fått 70 mill. kroner til fordeling i regionen. Pengane skal nyttast til vedlikehaldstiltak som ikkje vil bli gjort i dette året utan ekstra midlar.

Det er frå regjeringa gitt få føringar kring denne løyvinga, men den skal treffe område der arbeidsløysa har auka mest. Helse Vest RHF vil ved fordeling av midlane mellom anna sjå på følgjande moment:

- Høg sysselsettingseffekt
- Tillegg til planlagd (allereie budsjettet) aktivitet
- Rask oppstart
- Geografisk spreining

Den 22. november sendte Helse Vest eit brev til dei 4 HF-a i regionen og til dei private ideelle institusjonane som vi har avtale med, der vi bad føretaka om å melde inn aktuelle tiltak. Svarfrist blei sett til 9. desember.

### Innmeldte tiltak

Dei fleste innmeldte tiltaka varierer i omfang og storleik frå kr. 100.000 til 5 mill. Det er i utarbeidinga av kandidatar lagt stor vekt på høg sysselsettingseffekt. Det er meldt inn 3 større tiltak på 7-12 Mill.

Samla tal innmeldte tiltak og kostnad er som følgjer:

|  |                  |                        |
|--|------------------|------------------------|
| Helse Stavanger                                | 13 Tiltak        | Kr. 39 300 000         |
| Helse Fonna                                    | 15 Tiltak        | Kr. 15 470 000         |
| Helse Bergen                                   | 12 Tiltak        | Kr. 36 000 000         |
| Helse Førde                                    | 13 Tiltak        | Kr. 6 660 000          |
| Jæren DPS                                      | 3 Tiltak         | Kr. 2 225 000          |
| Haraldsplass Diakonale Sjukehus , Bergen (HDS) | 17 Tiltak        | Kr. 11 625 000         |
| <b>Totalt innmeldte tiltak</b>                 | <b>73 Tiltak</b> | <b>Kr. 111 280 000</b> |

I tillegg til dei innmeldte tiltaka frå HF-a, er det i år meldt inn til saman 20 tiltak frå Jæren DPS i Stavanger og HDS i Bergen. Begge desse verksemdene fekk tildelt midlar frå tiltakspakken i

2016 med kvar 1,4 mill. og 2,0 mill. Mange av dei innmeldte tiltaka er tiltak som vil betre og sikre tilhøva for både pasientar og tilsette. Det er og tiltak som har stor trong for arbeidskraft som er målet med tiltakspakken.

### Kommentarar

I tiltakspakken for 2016 blei midlane fordelt etter 3 kriterier; normal inntektsfordeling mellom HF-a, talet på arbeidsledige i opptaksområdet og endringa i talet på arbeidsledige, jf. styresak 004/2016.

Ved å nytte same kriterier for fordeling i 2017, blir fordelinga slik:

| 1               | 2                                      | 3   | 4                                      | 5            | 6               | 7            |
|-----------------|--|---|--|--------------|-----------------|--------------|
| Opptaksområde   | Fordelt iht. ordinær inntektsfordeling | Fordeling iht antall ledige pr oktober 2016 | Fordeling vekst ledige nov 14 – OKT 16 | Gjennomsnitt | Private ideelle | Helseforetak |
| Helse Bergen    | 31,5                                   | 25,4  | 19,2                                   | 25,4         |                 | 25,4         |
| Helse Fonna     | 10,3                                   | 11,3  | 9,3                                    | 10,3         |                 | 10,3         |
| Helse Førde     | 8,5                                    | 2,9   | -0,3                                   | 3,7          |                 | 3,7          |
| Helse Stavanger | 19,7                                   | 30,4  | 41,7                                   | 30,6         |                 | 30,6         |
| SUM             | 70,0                                   | 70,0  | 70,0                                   | 70,0         | 0,0             | 70,0         |

Etter gjennomgang av dei innmeldte tiltaka frå dei private ideelle blir det tilrådd ei tildeling til desse som følgjer;

- Jæren DPS Kr. 800 000
- HDS, Bergen Kr. 1 800 000

Desse beløpa blir trekt frå tildelinga i det respektive føretaksområde og gir følgjande endelege tildeling til helseføretaka:

- Helse Bergen Kr. 23,6 mill.
- Helse Fonna Kr. 10,3 mill.
- Helse Stavanger Kr. 29,8 mill.
- Helse Førde Kr. 3,7 mill.

Det vil i dialog med helseføretaka bli utarbeidd eit eige opplegg for korleis helseføretaka/dei private ideelle skal rapportere på bruk av midlane.

### Konklusjon

Ved fordelinga av midlane i regjeringa si tiltakspakke for auka sysselsetting i 2017 blir det nytta same kriterie som ved fordelinga i 2016. Av dei private ideelle føretaka som Helse Vest har avtale med får HDS i Bergen og Jæren DPS tildelt midlar frå tiltakspakka. Desse midlane går til fråtrekk i beløpet til Helse Bergen og Helse Stavanger.